



Jan Magne Keilegavlen  
Keilegavlsvegen 227  
5953 FONNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1381 - 18/18965

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
21.06.2018

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 124/1 Keilegavlen

Tiltak: frådeling av bustadtomt  
Byggjestad: Gbnr: 124/1  
Tiltakshavar: Jan Magne Keilegavlen  
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 26.04.2018.

Etter ein førebels gjennomgang av den innsendte søknaden, treng vi fleire opplysningar for å kunne handsame søknaden din.

Etter ei førebels vurdering av søknaden, er ikkje administrasjonen positiv til ein dispensasjon til frådeling som omsøkt. Det er ein reguleringsplan under arbeid, Keilen vest, som opnar for ca. 50 nye bueiningar. Det er og område sett av til LNF med høve til spreidd bustadbygging. Når det er område sett av til bustad, der ein kan frådela og bygga utan å vera i strid med planføremålet, så skal det mykje til for at det kan opnast for frådeling av ein bustadtomt på dispensasjon i det same området.

Dersom du likevel vil ha søknaden din handsama, så ber vi om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Frådeling av bustadeigedom krev at det vert søkt om dispensasjon frå arealføremålet landbruk, natur og friluftsområde (LNF) i kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad. Dispensasjonssøknaden må vera grunngeve. Viser til vedlagte rettleiar.
2. Søknad om dispensasjon og frådeling må nabovarslast. Du kan bruke vedlagte naboliste. Skjema for nabovarsel finn du på [www.dibk.no](http://www.dibk.no). Blankett nr. 5155 og 5156 skal sendast inn til kommunen saman med søknaden.
3. Ein ny bustadeigedom krev at det vert gjeve avkjøringsløyve eller utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg. Skjema og rettleiing for søknad om avkjørsel dette finn du [her](#).
4. I søknaden er det kryssa av for at vassforsyning og avløp er sikra i følge vedlagt dokument. Vi kan ikkje sjå at desse dokumenta er lagt ved søknaden. Det må dokumenterast rett til legging av vass- og avløpsleidningar over andre eigedommar dersom det gjer seg gjeldande for den nye eigedommen.



5. Det må dokumenterast korleis vatn og avløp skal løyast for bustadtomten. Dersom eigedommen skal koplast til kommunalt vatn via privat leidning, må rettar til bruk av leidning dokumenterast.
6. Det må gå fram av søknaden korleis avløpet frå eigedommen skal løysast. Dersom det skal etablerast nytt utslepp, må det sendast inn søknad om utslepp etter forureiningslova. Skal eigedommen koplast til eit eksisterande anlegg, må det sendast inn dokumentasjon som viser at det anlegget som eigedommen skal koplast på har tilstrekkeleg kapasitet og at der er utsleppsløyve til dei eigedommane som er på anlegget.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.08.2018**, eventuelt tilbakemelding på om du trekk søknaden. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

dispensasjon  
Naboliste 124.1

### **Mottakarar:**

Jan Magne Keilegavlen

Keilegavlsvegen 5953  
227

FONNES